

Slik er ein dag som United-spelar

Elisabeth Terland gjer noko veldig mange drøymmer om: spelar for favoritt-laget.

Tekst: Tuva Hilton



I sommar signerte Elisabeth Terland frå Bryne for Manchester United. Førre sesong skåra Terland 13 mål for Brighton i **Women's Super League**, like mange som England-stjerna Lauren James. Berre Manchester Citys Khadija Shaw skåra fleire. Sidan ho har vore United-fan heile livet, var det å debutere på Old Trafford den største augneblinken i karrieren.

– Eg visste det kom til å bli stort, men eg var ikkje førebudd på kjensla eg skulle få når eg gjekk inn der. Det var berre heilt sjukt, seier Terland.

Kva det beste med å vere fotballspelar?

– At eg får gjere det eg elskar, kvar dag. Å kunne leve av det. Det er ein draum, seier ho.

Men det kan også vere einsamt å bu langt heimafrå. Ho liker å sjå på norsk TV, for då kjenner Elisabeth at ho er heime i Noreg.

Elisabeth Terland (23)



- Favoritt-dyr: Hund
- Favoritt-is: Ben and Jerry's cookie dough
- Favoritt-fag på skolen: Gym
- Favoritt-spill: Ligretto. Vi spelar det i bussen på veg til kamp.
- Favoritt-godteri: Norsk smågodt, spesielt lakris
- Fotballspelar eg ville likt å spele med: Ole Gunnar Solskjær
- Favoritt-film: «Karate Kid»

Hæ?
Hva betyr det?

Women's Super League: Den øverste fotball-ligaen for kvinner i England.

Akupunktur: Stikke nåler i huden for å behandle ulike plager.

Erling Braut Haaland



Min drømmespiller

- Fart: Kylian Mbappé
- Dribbleferdigheiter: Caroline Graham Hansen
- Skot: Erling Braut Haaland
- Triks: Geyse Ferreira

Dagbok fra en vanlig dag

7.30	Står opp
8.00	Køyrer til trening på Carrington
8.30–9.30	Skiftar og et frukost med resten av laget
9.30	Møte om kampar, ser på videoar av motstandar-lag
10.30	Styrkeøvingar i treningsstudio
11.00	Fotballtrening
13.30	Lunsj
14.00	Møte eller styrketrening
15.00	Basseng, massasje og ulike behandlingar, som til dømes akupunktur
16–17	Heimar for å slappe av, sjå på TV eller vere sosial
21–21.30	Leggje seg (prøver)



Kan du slå Elisabeth Terland?

Øving 1: Triksing

Hvordan: Trikse ein fotball så mange gonger du kan.
Terlands resultat: 48.



Øving 2: Balansere

Hvordan: Balansere ein ball på rista, med bind for auga, så lenge du klarer.
Terlands resultat: 17 sekunder.

Øving 3: Timing

Hvordan: Nokon set på ei stoppeklokke som du ikkje kan sjå. Si «stopp» når du trur det har gått 1 minutt. Om å gjere å komme så nær som mogleg.
Terlands resultat: 1 minutt og 16 sekunder.

Øving 4: Junior-quiz om Manchester United

Hvordan: Kor mange kan du svaret på?
1. Når fekk Manchester United sitt eige kvinnelag?
2. Har Manchester United vunne Womens Super League?
3. Kva draktnummer har Marcus Rashford?
4. Kva land kjem Alejandro Garnacho frå?
5. Kva er kallenamnet til Manchester United?
Terlands resultat: 5 av 5.